

Til fylkesordførar Anne Gine Hestetun

Hordaland fylkeskommune

**SPØRSMÅL TIL FYLKESTINGET I HORDALAND 2. OG 3. OKTOBER 2018 OM**

**VARIG FLAUMSIKRING AV OPO-VASSDRAGET I ODDA.**

Fleirtalet i Fylkesutvalet i Hordaland har i høyringsrunden til NVE gått inn for SKL (Sunnhordaland Kraftlag) sin konsesjonssøknad om å bygge kraftverk i det varig verna Opo-vassdraget, i tråd med fleirtalet i Odda kommunestyre.

14.august kom NVE med si innstilling til Olje- og Energidepartementet (OED). Ut frå ei totalvurdering, tilrår ikkje NVE søknaden frå SKL. På denne bakgrunn, støtta fleirtalet i Odda kommunestyre den 26.september NVE sin konklusjon om å seie nei til kraftverk i Opo – og gjekk i staden inn for alternative tiltak for flaumsikring av heile vassdraget.

Vil fylkesordføraren ta initiativ til at Hordaland fylkeskommune vurderer denne saka på nytt etter NVE si innstilling til OED, og støttar ho Odda kommunestyre sine nye vedtak om flaumsikring av Opo-vassdraget utan kraftverk?

Odda, den 1.10 2018

Terje Kollbotn (fylkestingsrepresentant)